

God prestasjon av uskedeling i skimaratton

11.02.2008

Uskedelingen Ole Vidar Monsen har stått for ein svært god prestasjon i langrennssporet i helga. Han deltok i Holmenkollen skimaratton og vart nummer 10 i klassa 25-30 år.

Dette er eit renn på 42 kilometer i klassisk stil som går frå Hakadal til Holmenkollen. Det var 160 deltakarar berre i Monsen si klasse av totalt 3.000 som stilte opp. Rennet gjekk under svært fine forhold med sol, varmegrader og klisterføre.

Det var fyrste gong Ole Vidar stilte i dette rennet, men den gode prestasjonen ga meirsmak slik at han nok kjem til å stilla opp att neste år. Seinare i vinter skal han gå Birkebeinerrennet, fortel Cathrine Haugland.